

ÅRSMELDING KIL FOTBALL 2025

Styret i fotballgruppa har i 2025 bestått av Tarjei Midtsund, Trude Nordbø, Arne Aamot, Inge Håvard Jore, Håkon Haugo, Tarjei Haugo, Jan Carsten Eikland og Rønnaug Flatin (leiar).

Fotballgruppa har hatt 8 styremøte. I tillegg har det vore eit oppstartsmøte med trenarar og lagleiarar i februar, for å gå gjennom relevant info og rutiner, og eit evalueringsmøte i oktober for å drøfte moglege forbetringar og vegen vidare.

Det har òg vore ulike møte med fotballkretsen (NFF Telemark) gjennom året, både fysiske og digitale, og eit møte for klubbane i Vest-Telemark.

Gjennom året arbeider fotballgruppa med fylgjande saker:

- Påmeldingssystem til Kviteseid IL Fotball og oppdatering av medlemslister (eigne og i FIKS)
- Påmelding til seriespel
- Sørgje for at alle lag har trenar, lagleiar, samt det dei treng av drakter og utstyr
- Innsamling av politiattestar frå lagleiarar og trenarar
- Behandle dommarregningar og spelarovergangar
- Fotballbanane: Grasklypping, vedlikehald av utstyr og merking etc
- Organisere dugnader på klubbhus, banar, mål, ballfangarnett etc
- Treningsavgifter og andre dugnader
- Organisering av treningstider inne og ute, inkl. søke på halltider
- Organisering av kurs og andre aktivitetar, i tillegg til det ordinære tilbodet
- Søke på ulike tilskotsmidlar
- Møter med kommunen
- Rapportering av vedlikehaldsrutiner til Kviteseid kommune, etter nye rutiner frå Statsforvaltaren. Møter, synfaring og rapportering.
- Vedlikehaldsopplegg av grasbanen og kunstgrasbanen

Kunstgrasbanen

Fotballgruppa har ei avtale med kommunen om vedlikehald av grasbanen mot ein årleg sum. Avtale vart reforhandla i 2024, og summen skal indeksregulerast årleg.

I løpet av sesongen utfører medlemmer av fotballgruppa vedlikehald og drift av bane og stadionreklame.

Arbeidet som blir gjort på banen av slåddemannskapet og fotballgruppa blir rapport til Kviteseid Kommune på hausten. Samt ein rapport til kommunen om kor mange gonger banen er slådda, påfyll av granulat, vege opp antall kilo granulat me får opp i slådden etc. Dette inngår i risikoanalyse systemet til Kviteseid kommune. Det blir lagt ned mange dugnadstimars for å drifte og halde vedlike kunstgrasbanen i løpet av året.

«SLÅDDEGJENGEN» på kunstgrasbanen

Fotballgruppa organiserer «Slåddegjengen» som har ansvaret for slådding, søppel og anna på kunstgrasbanen kvar veke i sesongen. Det er utarbeida rutiner for dette arbeidet.

Desse har også vore med i år: Inge Håvard Jore (leiar), Stian Stykket, Morten Andersen og Tage Krogstad.

Det vart også utført djuprens og liming av skøytar på kunstgrasbanen av eit eksternt firma. Ein må pårekne å bytte grasmatta innan 3 år. Avtale om årleg rens av banen er utarbeidd saman med Kviteseid Kommune. Frå oktober 2031 blir det forbode å bruke granulat på fotballbaner og det vil ikkje vere mogleg å kaupa inn granulat til banen. I løpet av nokre år må altså KIL og Kviteseid kommune setje seg saman og sjå på alternativ til granulat på kunstgrasbanen.

Grasbanen – Kviteseid Stadion

Haugo Entreprenør AS fullførte arbeidet med renovering av grasbanen. Gjennom sommaren og utpå hausten vart organisert ei rekke med dugnadar for å få montert ballfangarnett og nye mål på banen. Det vart lagt heller under ballfangarnettet på eine sida. Det bør leggjast heller også på den andre sida på dugnad i 2026.

I september var det offisiell opning av den nye banen.

Dugnadsånden i KIL

Føresette til spelarar på alle lag som er med i serie, betalar ei årleg treningsavgift eller arbeider inntektsbringande dugnad. Dette for å dekkje utgifter til krets, dommarar, drakter og utstyr. I tillegg deltek foreldre og spelarar på dugnader på banane og i klubbhuset for å få drifta til å gå rundt. Fotballgruppa brukar mange «usynlege» timar i året på arbeidet for å organisere frivillig arbeid til beste for born og ungdom, noko som grupper utanfor seriespel også nyttar seg av og har glede av. Ref. investeringar, søknader, etc.


Ei oppfordring og utfordring er at laget framover arbeider med korleis få opp dugnadsånda i alle grupper i KIL. Felles ansvar og fellesskap bør vera viktig for alle for å bygge vidare på og drifte eit velfungerande idrettslag.

Foto frå vårdagnaden 4. april:





Foto frå dugnadar på grasbanen: 28.06, 16.08, 30.08, 06.09, 07.09, ...





Fotballaktivitet

2025 har vore eit travelt og innhaldsrikt år i KIL Fotball. Takka vere alle dei engasjerte, flinke trenarane og lagleiarane som stiller opp på treningar og kampar, samt foreldre og andre vaksne, vart det nok eit vellukka år.

Det var på det meste 123 påmeldte spelarar. Om lag 1/3 av desse spelte ungdomsfotball og 2/3 barnefotball. Skiljet går det året dei fyller 13. Andelen gutar var 57% og jenter 43%.

Det var i alt 27 frivillige trenarar og lagleiarar i 2025. Av desse var 38% kvinner og 62% menn.

Kviteseid hadde lag påmeldt i J8, J10, J12, J15 (2 lag) og G8 (2 lag), G10, G12, G14 og G16. Til saman 11 lag på våren. Etter trøbbel med reglementet stilte J15 kun med eitt lag på hausten.

Det vart spela 49 ordinære kampar på våren og 48 kampar på hausten, i tillegg til J8 og G8 sine kampkveldar og diverse treningskampar.

Laga har deltaka på ulike cupar i Drammen, Skien, Oslo, Vinje, Høydalsmo, Langesund, Bergen og Seljord. I tillegg deltek ein del spelarar på fotballskulen i Vrådal.

Vårsesongen

Året starta som vanleg med innetreningar i Kviteseidhallen, og oppstartsmøte for trenarar og lagleiarar i februar. Ståle Kristiansen er klubbens trenarrettleiar, og han heldt trenarkurs på nyåret.

Allereie i januar var J12 på futsalcup i Drammenshallen. Dei deltok i J11-klassa og kom i same pulje som ulike lag frå Vestfold. Det var et flott arrangement og dei hadde det veldig moro.

I februar deltok J15 på Fossum cup, Norges største futsalturnering for jenter. Dei deltok med to lag i J16-klassa. Motstandarane var i snitt eldre og sterkare, og kampane hadde høgare tempo og meir kroppskontakt enn spelarane våre var vand med, men dei lærte fort. Dei kom ikkje vidare til sluttspillet, men det var jamne kampar og berre uflaks som gjorde at dei tapte med eitt mål mot Storm/Fossum, som vann klassa.



I mars deltok J15 på Odd Preseason Cup. Turneringa vart spela på ulike banar i Skien. Mange lag som deltok, overnatta på skular i Grenland, men jentene våre køyrte fram og tilbake. Det vart lange dagar, men veldig moro. Kviteseid spela kampar mot lag frå Telemark, Buskerud og Akershus, og scora mange mål. Laget vann klassa si (J15 11er nivå 2) og fekk med seg ein flott pokal heim!



I april hadde «Fotball for alle» (FFA) gratis «Lamine Yamal»-fotballskule i Kviteseid.



FFA arrangerte fotballskule fleire dagar på rad i påska, og ein av dagane var Kviteseid vertsklubb. Det var mogeleg å melde seg på ein dag eller fleire dagar. Målgruppa var gutar og jenter fødd 2010-2015. Fotballskulen var gratis for vertsklubbane og for deltakande spelarar. Ein kunne også melde seg på gratis trenarkurs i samband med fotballskulen, og ungdom kunne vere med som lønna assistentar.

Det var ikkje så mange som deltok, men dei som var med var strålande nøgd med opplegget.

I april var det også dommarkurs med kretsdommar Rhida Hnana. Tre ungdom tok også niardommarkurset. I 2025 var det endå større fokus på at alle som tok dommarkurs, skulle få oppdrag som dommarar og trene på det dei hadde lært. Dette var vellukka, og noko fotballgruppa vil jobbe vidare med i 2026.



J15 drøymde om å dra på treningsleir ein stad utanfor Barcelona. Det blei det ikkje noko av. I staden arrangerte dei sin eigen treningsleir i Vrådal.

Laget åt og budde på grendehuset, og hadde treningsøktar på banen med instruktørar frå «Fotball for alle», som samstundes ga rettleiing til lagets faste trenarar.



Barcelona FC treningsleir i Vrådal

Norway Cup 2025

Jentene dro til Norway Cup med ei 11er-lag i 16-årsklassa, og gutane med to 7er-lag i hhv. klasse 13/14 og 15/16 år. Alle tre laga gjorde ein kjempeinnsats.

Jentene kom i ei veldig tøff gruppe - samme gruppe som eitt av Oslos beste lag, eitt av Trondheims beste og eitt av Bergens beste. Kviteseidjentene tapte alle kampene i gruppespelet og vart slått ut i 16-delsfinalen i B-sluttspillet etter straffekonk, men det var ei god trøyst at dei hadde hatt ein jamn kamp og berre tapt 0-1 mot Utleira, som tok sigeren i 16-årsklassa.

Med gutane gjekk det litt betre. G13/14 vann ein av kampene i gruppespelet og det var nok til å komme på andreplass i gruppa og vidare til A-sluttspillet.

G15/16 vann si gruppe, og vann både 16-dels- og 8-delsfinalane i A-sluttspillet, men vart slått ut av eit meksikansk lag, Seleccion Elite, som kom på andreplass i klassa.

Alle tre laga frå Kviteseid budde på Lusetjern skule på Holmlia.

KIL dekte påmeldingsavgifta for laga og ein andel av opphaldet. Det var valfritt om ein ville dekkje eigenandelen med betaling eller dugnadsarbeid eller ein kombinasjon. Det er flott at KIL leggjer til rette for at alle kan delta, uavhengig av dei føresette sin økonomi. Denne gongen dekte også KIL ein felles pizzakveld for alle kviteseidspelarane. Tusen takk for det!





G13/14 vann 8-2 mot Minde IL og kom til A-sluttspelet.



I 1/8-delsfinalen i G15/16 vann Kviteseid 3-2 over Falkeid IL, men i 1/8-delsfinalen var det stopp.



Vinje Cup og Høydalsmo Cup 2025



Om lag 250 spelarar var påmeldt til årets Vinje-cup. Foto: Jostein Reiten

Dei yngste spelarane på årets fotballfest i Vinje

Mellom 240 og 250 fotballspelarar møtest på grasmatta i Åmot på laurdag.



Kari Smeland

PUBLISERT 23.08.2025 - 17:02



Tiril Lundevall Hauge (bak f.v.), Vilja Sandnes Sandland, Ariela Krogstad Algerøy, Maren Tønnesland Råmunddal. Soof Pollemanns (framme f.v.), Oda Sandland og Maja Grytli Midtsund på Kviteseid jenter 8. Foto: Kari Smeland



Alle deltakarane samla seg til fellesbilde i Høydalsmo. Foto: Geir Ufs

Her er dei 133 spelarane som var på cup

133 fotballspelarar deltok på fotball-cup i Høydalsmo på søndag.

PUBLISERT 24.08.2025 - 18:00

SIST OPPDATERT 25.08.2025 - 08:03



Fotballgruppa i Høydalsmo arrangerte DIN fotballcup i Høydalsmo på søndag. Det er ein fotball-cup for 12-årslaga i Vest-Telemark.

Til saman deltok 133 spelarar fordelt på femten lag, fem jentelag og ti gutelag.

NYHENDE

HØYDALSMO

FOTBALL



Opning av grasbanen

I september var det offisiell opning av den rehabiliterte grasbanen.

Ca 40 barn vart delt inn i lag og spelte kampar, så var det taler. Først om kor viktig dugnaden er både for lokalsamfunnet og for den enkelte, så utdeling av gullmerket til Arne Aamot og Bente Ståland Aamot. Deretter helsingar frå NFF Telemark ved Viktor Arvesen og Kviteseid kommune ved Elisabeth Lid.

Tidlegare leiar av fotballgruppa og igangsettar av rehabiliteringsprosjektet, Kristi Marie Tveit, , takka sponsorane, deriblant Sparebanken Norge avd. Kviteseid, og entreprenøren Haugo Entreprenør AS. Sparebanken Norge hadde òg med ein gåvesjekk på 40 000 kroner til ny grasklippar.

Så vart snora klipt og banen erklært opna! Kristi fekk òg blomar og takk, før det vart kamp mellom ungdommane og dei vaksne på den nye flotte banen. Melina Sigurdslid gjorde ein utmerka jobb i sin debut som dommar i ein 11er-kamp. Kampen var jamn og måtte avgjerast med straffekonkurranse.

Det var òg trekking av gevinstar gitt av Haugo Entreprenør, Simulatorgolf Kviteseid, NFF Telemark og Kviteseid Idrettslag.

Takk for ein flott dag på Kviteseid Stadion, med mykje fotballmoro, pølser og kake!







Haustsesongen

Alle laga var nøgde med sesongen, hadde stor framgang og mykje moro. Ikkje alle laga har vore like flinke til å leggje ut foto og oppdateringar på Facebook, derfor er ikkje alle laga representert her.



J12 vann alle sine kampar, i varierende vêr.

J15 vann mykje på våren, men det var utfordrande å ha to lag. I haustsesongen melde dei kun på eitt lag. Dei vann alle kampene i haustsesongen, bortsett frå mot Drangedal, og havna dermed på andreplass i 2. divisjon pokalserien nivå 1.



For ungdomslaga var sesongen lang. G16 hadde sin siste kamp 23. oktober.

Det var ein godt gjennomført sesong, men til tider vanskeleg å stille lag, med skader, synkende motivasjon og færre spelarar. Fleire av gutane spela både for G14 og for G16, og dei to laga delta treningstid og samarbeida godt gjennom året. G16 låg øvst på tabellen på våren, i 3. divisjon avdeling A. Til slutt havna dei på 6. plass i 2. divisjon pokalserien haust.

G14 spela i 3. divisjon 9er avdeling vest og både singlar og tap, og låg om lag midt på tabellen våren og klatra opp til 3. plass på hausten.



Etter endt sesong får alle laga ein sum berekna frå talet på spelarar, til å arrangere avslutning. Fleire lag hadde pizzakveld med eller utan bading eller bowling.

Ungdommane avslutta sesongen med meir cup-spel: Både jentene og gutane hadde meldt på to lag kvar til Langesund five-a-side (kretsmesterskap).

Gutane hadde meldt på to lag i G14-klassa, men ingen av desse gjekk vidare frå gruppespelet.

Jentene hadde meldt på eitt lag i J15 og eitt lag i J17. J15 kom på 2. plass i gruppa si og gjekk vidare til kvartfinale, der dei tapte knepent mot Skarphedin 2 (1-0). J17 vann gruppa si og vann kvartfinalen mot Skiens Grane, men tapte 4-0 mot Skarphedin i semifinalen.

Jentene deltok også på Framo Fotballcup i Vestlandshallen, men gjekk ikkje vidare frå gruppespelet. Dei hadde ein fin tur, med blant anna byvandring, shopping og tur til Fløyen.



Det er svært lærerikt og inspirerende å dra på cup og møte andre lag enn dei ein vanlegvis spelar mot. På cup er det ofte fleire kampar på rappen, og sosial avkopling i pausene. Det er bra for samspelet i laget, på og utanfor banen. Ein jobbar intenst mot eit felles mål og blir ein meir spleisa gjeng av det.

I pausene kan det til dømes vere bading, brettspel, bowling eller andre felles aktivitetar.



Det er òg inspirerende å bli kjend med spelarar frå andre klubbar.

Nokre av spelarane i KIL Fotball har deltatt i Landslagsskulen, på ulike sonelag. I forlenginga av dette har òg nokre hospitert hos Skarphedin. På tampen av året fekk òg eit par spelarar prøve seg på kretsaget (J2011).

Fotballgruppa ynskjer å TAKKE alle ...

- Trenarar
- Lagleiarar
- Foreldre og besteforeldre
- Samarbeidspartnerar/Sponsorar
- Kviteseid kommune
- Og alle andre som gjer det mogleg for bygdas born, ungdom og vaksne å ha fotballmoro i den fine bygda vår.

Trenarar og lagleiarar i 2025 har vore:

Jenter 8: Petter Algerøy og Tarjei Midtsund

Gutar 8: Henrik Jebsen, Håvard Lundevall og Ida Elisabeth Sigurdslid

Jenter 10: Kari Smeland og Erik Landsverk

Gutar 10: Henning Skarprud, Torleif Egeland Bakken og Helge Byggland

Jenter 12: Anders Nødland Danielsen, Robert Mitev, Regine Heimdal

Gutar 12: Sondov Botnen, Einar Heggteit, Anette Haugerud

Jenter 15: Sarah Rekdal Kvamme, Lars Gunnar Kvamme, Katrine Straand, Rønnaug Flatin

Gutar 14: Ståle André Kristiansen, Margareth Steinbakk

Gutar 16: Håvard Sandland, Bente Ståland Aamot

(Det var ikkje stort nok kull til å ha eit barnehagelag i år.)